

**Sakshandsamar:**Eli Nes Killingrød  
E-post: eli.nes.killingrod@sfj.no  
Tlf.: 57 65 62 81**Vår ref.**Sak nr.: 14/321-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt**Internt l.nr.**

3898/14

**Dykkar ref.****Dato**

LEIKANGER, 25.03.2014

**Finansutvalet**

Fylkeshuset 2. april kl. 10.00

**Budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 Arbeidsdokument 2/14**Fylkesrådmannen vil i dette arbeidsdokumentet:

- Gje ei kort vurdering av nokre saker/føresetnader som har innverknad på gjennomføring av budsjett 2014 og utarbeiding av budsjett 2015/økonomiplan 2015-18, mellom anna
  - føresetnader for budsjetttrammene i 2018.
  - føresetnader lagt til grunn for berekning av rammetilskot frå 2015
  - lokale inntekter til driftsføremål.
- Gje ei kort vurdering av budsjett- og økonomiplanrammene i lys av rekneskap 2013.
- Skissere metoden som no vert lagt til grunn for utarbeiding av prioriteringssakene til hovudutvala i juni.

Innleiingsvis vert det gitt ei kort oppsummering etter møtet i finansutvalet 29.01.14, og avslutningsvis vert førebels salderingsbalanse etter tilrådingane i dette arbeidsdokumentet vist.

**1 OPPSUMMERING ETTER MØTET I FINANSUTVALET 29.01.14**

Dette punktet gjev ei oppsummering av vedtaka i samband med handsaming av arbeidsdokument 1/14. Finansutvalet slutta seg i hovudsak til fylkesmannen sine tilrådingar.

Innleiingsvis i møtet vart «protokollføring» frå finansutvalsmøta diskutert. Finansutvalet konkluderte med følgjande:

- Det vert ikkje ført ordinær møtebok/protokoll frå møta i finansutvalet.
- Berre samrøystes-/ fleirtalskonklusjonar vert ført vidare i oppsummeringa i neste arbeidsdokument.
- Dersom ein medlem av finansutvalet ønskjer eit mindretalssynspunkt registrert i oppsummeringa i neste arbeidsdokument, skal mindretalssynspunktet formulerast og sendast medlemene og administrasjonen under møtet.
- Det vert som vanleg gjort greie for fleirtals- og mindretalssynspunkt i finansutvalet sitt framlegg til budsjett/økonomiplan som dannar grunnlag for den politiske slutthandsaminga.



Finansutvalet vedtok vidare:

- å legge vedtekne rammer og føringar i gjeldande budsjett- og økonomiplandokument til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2015/økonomiplan 15-17.
- at planleggingsrammene for 2018 vert å ta stilling til i eit seinare arbeidsdokument.
- framlegg til møteplan
- tilrådd endring i hovudutvala si rolle i budsjettprosessen.
- følgjande «bestilling» til hovudutvala:

Finansutvalet gjev hovudutvala i oppgåve å fremje ei innbyrdes prioritering mellom dagens aktivitetar på eigen sektor.

Hovudutvala står fritt til å fastsette prosess og angrepsvinkel. Følgjande generelle føresetnader skal leggest til grunn;

Plattform for prioriteringsarbeidet: Tenestenivået i kontoplanen.

«Output»: Klår prioriteringsrekkefølge på område/aktivitetar innafør sektoren.

Tidshorisont: økonomiplanperioden (1-4 år).

Bindingar: skal vurderast, og sjølvpålagde bindingar skal ikkje leggest vekt på i prioriteringane.

Lovpålagde oppgaver: må ta omsyn til strukturkostnader om ein nyttar dette som prioriteringskriterium.

Fylkeskostra: bør nyttast som illustrasjon på ressursbruk i høve andre fylkeskommunar på hovudaktivitetar innan kvar sektor (referanse AGENDA-rapporten 2010). Det skal nyttast R-2013-data.

Blanda finansiering: «utløysing» av statlege midlar som prioriteringskriterium skal vurderast eksplisitt.

Tidsfrist: Endeleg prioriteringsvedtak i hovudutvala seinast 17. juni.

Fylkesdirektørane får ansvar for å utarbeide naudsynt grunnlagsmateriale for hovudutvala sitt prioriteringsarbeid.

## 2 VURDERING AV NOKRE FØRESETNADER

I dette punktet vil fylkesrådmannen gje ei kort orientering om nokre saker/føresetnader som har innverknad på gjennomføringa av budsjett 2014 og utarbeidinga av budsjett 2015/økonomiplan 2015-18.

### 2.1 Reversering av sluttsaldering – økonomiplan 2014-17

Budsjett 2014/økonomiplan 2014-17 er saldert mot bufferfondet ved at 12,5 mill. kr i 2014 vart avsett for å dekke tilsvarende budsjetterte underskot i dei påfølgjande åra 2015-17.

Ved oppstart av ny planprosess er det naturleg å ta inn att sluttsalderinga av gjeldande plan for å vurdere denne i lys av eventuelt nye rammeføresetnader.

Dette gjev følgjande verknad på salderingsbalansen for åra 2015-17:

	2015	2016	2017
Sluttsaldering budsjett/øpl 2014-17	-2,200	-9,780	-0,272

I tråd med retningslinene for bruk av bufferfondet tek finansutvalet stilling til eventuell disponering av avsettinga i 2014 som ein del av årets budsjettprosess.

## Tilråding

Sluttsalderinga av økonomiplan 2014-17 vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

### 2.2 Rammer 2018 – rullering

I arbeidsdokument 1/14 vart det lagt opp til at finansutvalet skulle ta nærare stilling til planleggingsrammer for 2018 på eit seinare tidspunkt.

Fylkesrådmannen vil her gjere kort greie for kva føresetnader som førebels er lagt til grunn ved rullering av driftsrammene frå 2017 til 2018.

Hovudtilnærminga er at driftsnivået for 2017 – justert for kjente tidsavgrensa løyvingar/slutførte tiltak – vert vidareført til 2018. Fram til vi får nye grunnlagstal er det også lagt opp til at følgjande postar vert vidareført på 2017-nivå:

- Regionale utviklingsmidlar (KMD-midlar)
- Rentekompensasjonsordningane for skuleanlegg og fylkesveggar
- Kapitalutgiftene. Det er ikkje teke stilling til investeringsrammer og eventuelt nye låneopptak for 2018.
- Opptrappingsordninga for ekstraordinært vegvedlikehald.

I tillegg til dette har fylkesrådmannen førebels lagt til grunn at:

- Rammetilskotet vert nedjustert med nye netto 8 mill. kr. (føresett årleg akkumulert verknad av nytt inntektssystem).
- Netto innsparing som følgje av gjennomføringa av skulebruksplanen vert auka med 25 mill. kr Dette talet baserer seg på føresetnadane som vart lagt til grunn i arbeidsdokument 2/13. Vi kjem attende til nye berekningar når føresetnadane for gjennomføringa av vedtaket er revidert.

Med grunnlag i desse føresetnadane gjev den tekniske rulleringa av økonomiplanen ei innsparing på samla 25,8 mill. kr i 2018 i høve 2017. Hovudforklaringane til denne endringa ligg i føresett samla nedgang i driftsrammene på sektornivå med om lag 35 mill. kr samt føresett nedgang i rammetilskot på 8 mill. kr og bruk av fond på 1 mill. kr.

## Tilråding

Innsparinga i 2018 på samla 25,8 mill. kr vert teken inn som ein del av det økonomiske opplegget for komande økonomiplan.

### 2.3 Konesjonskraftinntekter 2014-2018

Prognosar utarbeida pr.12.03.14 viser eit høvesvis stort negativt avvik frå budsjettert inntektsnivå i gjeldande økonomiplan. Årsaka til nedgangen er mellom anna at tilgjengeleg konesjonskraftvolum er redusert med om lag 14 GWh i høve budsjettføresetnadane. Dette skuldast at kommunane har auka sitt uttak. I tillegg har NVE gjort nye utrekningar som også gjev oss mindre konesjonskraft. Tilgjengeleg volum i 2014 er no om lag 374 GWh.

I tillegg til dette har salsprisane gått ned, samstundes som kjøpsprisane inkl. innmatingskostnader har auka i høve føresetnadane i gjeldande budsjett.

Ei vidareføring av volumet i 2014, kombinert med prisane vi no ser i marknaden for dei ulike åra, gjev slike avvik i høve budsjetterte konesjonskraftinntekter i perioden 2014-18:

	2014	2015	2016	2017	2018
Budsjett/øk.plan	66,6	60,5	51,8	52,9	52,9
Prognose 12.03.14	58,4	52,2	48,4	40,7	39,4
Avvik	<b>- 8,2</b>	<b>- 8,3</b>	<b>- 3,4</b>	<b>- 12,2</b>	<b>- 13,5</b>

Fylkesrådmannen vil tilrå at vi no innarbeider den nye prognosen i opplegget for 2015-18. Avviket i 2014 vert handsama som ein del av tertialrapport 1/14.

#### Tilråding

Prognosen for konsesjonskraftinntekter pr. 12.03.14 vert innarbeida i det økonomiske opplegget for budsjett/økonomiplan 2015-18.

## 2.4 Lokale inntekter – til driftsføremål

Om prognosen på konsesjonskraftinntektene pr. 12.03.14 vert lagt til grunn, vil dei samla årlege lokale inntektene kome på følgjande nivå i planperioden:

	2014	2015	2016	2017	2018
Prognose samla lokale inntekter	112,4	90,2	68,4	80,7	79,4

Dette er 45,6 mill. kr lågare enn prognosen som låg til grunn for å setje det årlege «taket» på lokale inntekter til driftsføremål på 90 mill. kr.

Tabellen under viser at dei prognostiserte lokale inntektene frå 2016 og utover ligg godt under dette nivået.

	2014	2015	2016	2017	2018
Prognose samla lokale inntekter	112,4	90,2	68,4	80,7	79,4
Bruk av lokale inntekter i drifta	90,0	90,0	90,0	90,0	90,0
Avvik	<b>22,4</b>	<b>0,2</b>	<b>- 21,6</b>	<b>- 9,3</b>	<b>- 10,6</b>

Prognosane for lokale inntekter vart i dei to føregåande budsjettprosessane samla nedjustert med nær 200 mill. kr for åra 2013-16. Dette er med å understreke kor ustabile desse inntektene kan vere.

Hovudgrunnen til endringane ligg i nedgangen i kraftprisane. Denne nedgangen viser seg å vere langsiktig - og sterkare enn føresett - og påverkar både konsesjonskraftinntektene våre og utbyttepotensialet.. I tillegg veit vi at Fjord1 konkurrerer i ein krevjande marknad, og dette kan medføre mindre fortjenestemargar og redusert evne til å betale utbytte.

I budsjetteringa av lokale inntekter har det også vore fokus på å kunne nytte delar av denne inntektskjelda til å finansiere «eingongstiltak»/utviklingstiltak på drifts- og investeringsida. Skal vi oppretthalde denne ambisjonen, må «taket» på lokale inntekter til driftsføremål ta høgde for at noko av kapitalen vert liggande att på fondet.

Med bakgrunn i dette vil fylkesrådmannen tilrå at «taket» for bruk av lokale inntekter til driftsføremål vert nedjustert til 80 mill. kr årleg.

Fylkesrådmannen kjem attende til den samla verknaden på bufferfondet i eit seinare arbeidsdokument.

#### Tilråding

Taket for lokale inntekter til driftsføremål vert nedjustert til 80 mill. kr/år.

Eventuelt overskytande kapital vert tilført bufferfondet, og disponert etter «handlingsreglane» i dette fondet.

## 2.5 Nytt inntektssystem

Mykje tyder på at det kjem eit nytt inntektssystem for fylkeskommunane med verknad frå 2015. Dette vert i tilfelle lagt fram i kommuneproposisjonen som kjem 14. mai 2014.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet gjorde medio februar kjent at dei arbeida med saka og opna for at fylka kunne kome med innspel. I sak 8/14 vedtok FU eit innspel til arbeidet med nytt inntektssystem. Vedtaket og tilhøyrande saksframstilling, jf. vedlegg 1, er sendt KS og KMD.

Som bakteppe for det vidare arbeidet med nytt inntektssystem, vil fylkesrådmannen her kort gå gjennom dei ulike elementa i inntektssystemet og vise dei føresetnader som førebels er lagt til grunn i gjeldande budsjett/økonomiplan.

Inntektssystemet består av tre «ordningar» som i prinsippet kan endrast:

- *Inntektsutjamninga* – som skal utjamne inntektsskilnader i fylka sin skatteinngang.
  - Referansenivået for inntektsutjamninga er 120 prosent av landsgjennomsnittet, og kompensasjonsgraden er 90 prosent. Det betyr at fylkeskommunar med ein skatteinngang på under 120 prosent av landsgjennomsnittet vert kompensert 90 prosent av differansen mellom eigen skatteinngang og 120 prosent av landsgjennomsnittet.
  - Inntektsutjamninga er ei omfordelingsordning som vert finansiert med eit likt trekkbeløp pr. innbyggjar for alle fylkeskommunane.
  - I praksis betyr dette at vår fylkeskommune vert «løfta» opp på eit skatteinntektsnivå som ligg på om lag 98% av landsgjennomsnittet.
- *Utgiftsutjamninga* – som skal utjamne ulike utgiftsbehov.
  - Utgiftsutjamninga tek utgangspunkt i ein kostnadsnøkkel (samansett av delkostnadsnøklar for samferdsle, vidaregåande opplæring og tannhelse). Med grunnlag i kostnadsnøkkelen vert utgiftsbehovet for den enkelte fylkeskommune berekna.
  - Utgiftsutjamninga er ei omfordelingsordning der midlar vert omfordelt frå fylkeskommunar med lågt berekna utgiftsbehov til fylkeskommunar med høgt berekna utgiftsbehov.
  - Vår fylkeskommune har pr. i dag det høgast berekna utgiftsbehovet av alle fylkeskommunane (1,6085). Det betyr at vi – i følgje gjeldande kostnadsnøkkel – har eit utgiftsbehov på desse områda som ligg 60,85% over landsgjennomsnittet.
- *Inntektsgarantiordninga* – som skal skjerme mot bråe svikt i rammetilskotet
  - Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i det totale rammetilskotet på nasjonalt nivå, og er utforma slik at ingen fylkeskommunar skal få ein nedgang i rammetilskotet - samanlikna med landsgjennomsnittet - som er større 100 kr pr. innbyggjar frå eitt år til neste.
  - Ordninga vert finansiert ved eit likt trekk pr. innbyggjar for alle fylkeskommunane.
  - Er landsgjennomsnittet uendra, vil maksimal nedgang i rammetilskotet frå eitt år til neste vera 10,9 mill. kr for vår fylkeskommune (100 kr \* 109.000 innb). Kor mykje vi vert trekte for å vere med å finansiere ordninga er avhengig av storleiken på det samla garantitilskotet som skal finansierast.
  - Endringar i inntektsutjamninga, skjønstilskot og saker med særskilt fordeling\*) vert ikkje omfatta av inntektsgarantiordninga. Endringar her vil slå direkte ut i rammetilskotet.

**\*)Saker med særskilt fordeling**

I tillegg til punkta over kjem ordningar som inngår i rammetilskotet, men som vert haldne utanfor tildelinga som skjer med grunnlag i inntektssystemet – omtala som «saker med særskilt fordeling». Her ligg mellom anna fordelinga av vegmidlane som vart overført til fylkeskommunane i samband med forvaltningsreforma i 2010.

Føresetnader i gjeldande budsjett/økonomiplan

I gjeldande budsjett/økonomiplan 2014-17 er det lagt til grunn at nytt inntektssystem kjem frå 2015. Dette er førebels innarbeida i dei økonomiske rammene slik:

- Det er ikkje føresett endringar i inntektsutjamningsordninga.
- Det er føresett relativt stor endring i kostnadsnøklane som ligg til grunn for utrekninga av det utgiftsutjamnande tilskotet. Det vert her rekna med at vår fylkeskommune får så stor nedgang at vi kjem inn under inntektsgarantiordninga alle åra i planperioden.
- Det er ikkje føresett endringar i inntektsgarantiordninga (INGAR).
- Med grunnlag i desse overordna føresetnadane er det lagt til grunn ein forventa årleg akkumulerande nedgang i rammetilskotet på netto 8 mill. kr. Det er då gjort følgjande føresetnader:
  - Årleg realvekst i dei frie inntektene er sett til 300 mill. kr pr. år i planperioden. Ved innføring av nytt inntektssystem er det venta ein så stor nedgang i rammetilskotet for Sogn og Fjordane at vår del av realvekst i frie inntekter må sjåast i samanheng med berekninga av inntektsgarantitilskotet (INGAR). Vår del av realveksten vil ut frå dette bli fastsett med grunnlag i vår del av folketalet (2,2%). Det gir ein årleg akkumulerande realvekst på om lag 6,6 mill. kr (2,2 % av 300 mill.kr).
  - Maksimalt årleg akkumulerande tap er sett til 10,9 mill. kr. Tap utover dette nivået vert føresett dekkja gjennom Inntektsgarantiordninga (INGAR).
  - Det er ikkje teke høgde for vårt bidrag til å finansiere inntektsgarantiordninga. Dess fleire fylkeskommunar (større garantitilskot) som vert omfatta av ordninga, dess større vert bidraget vi må betale pr. innbyggjar og "tapet" vårt aukar tilsvarande.
  - Det er føresett at vår relative del av folketalet vil gå ned. Som følgje av dette er det berekna ein årleg akkumulerande nedgang i skatt/inntektsutjamning på 3,7 mill. kr.
  - Føresetnadane i dette punktet kan oppsummerast slik:

Årleg budsjettert nedgang i rammetilskotet i planperioden	2015	2016	2017
Inngangsnivå	0,0	-8,0	-16,0
Del av realvekst	6,6	6,6	6,6
Maks årleg tap, jf. inntektsgarantiordninga	-10,9	-10,9	-10,9
Redusert skatt/inntektsutjamning	-3,7	-3,7	-3,7
Sum	- 8,0	-16,0	-24,0
Vårt bidrag til finansiering av INGAR	?	?	?

- Det er ikkje føresett at eventuell innlemming av vegmidlane – som i dag ligg i ordninga «Saker med særskilt fordeling» utanfor inntektssystemet – får fordelingsmessige konsekvensar utover omfordelingane som vart gjort i samband med statsbudsjettet for 2014.

Tilråding

Finansutvalet tek gjennomgangen i høve føresetnader for innarbeiding av nytt inntektssystem til orientering.

## 2.6 Redusert budsjetttramme for plan og næring – vedtak i FU-sak 14/14

I statsbudsjettet for 2014 vart ramma på Kap. 551, post 60 – tilskot til regional utvikling til fylkeskommunane redusert med 430 mill. kr på landsbasis. I samband med dette vart vår del av reduksjonen stipulert til 26 mill. kr. Då KMD gjorde kjent den fylkesvise fordelinga av midlane i januar 2014 fekk vi 5,6 mill. kr mindre enn føreset i budsjett for 2014. Dette førte til at fylkesutvalet (etter hasteparagrafen) gjorde vedtak om å redusere plan og næring si ramme med 2,8 mill. kr og å dekke resterande 2,8 mill. kr ved bruk av fondsmidlar i 2014.

Ved budsjettering av KMD-midlane vert det føresett at kjent ramme i budsjettåret vert vidareført i planperioden. Dette medfører at nivået for åra 2015-18 må nedjusterast tilsvarande.

Fylkesutvalet sitt salderingsopplegg balanserar i budsjettet for 2014, men for åra 2015-18 manglar det 2,8 mill. kr - tilsvarande fondsbruken i 2014 - for å få rammene i balanse. Fylkesrådmannen tilrår at ubalansen førebels vert lagt inn som eit innsparingskrav på sektoren plan og næring.

### Tilråding

Med tilvising til finansiering av redusert nivå på KMD-midlane frå 2014 vert det lagt inn eit innsparingskrav på 2,8 mill. kr årleg på sektoren plan og næring.

## 3 REKNESKAP 2013

I dette punktet vil fylkesrådmannen gje ei kort vurdering av budsjett- og økonomiplanrammene i lys av rekneskapa for 2013. Innleiingsvis vert pressemeldinga som vart lagt fram i samband med offentleggjering av rekneskapsresultatet 17. februar teken inn. Dei ulike sektorresultata og eventuelle konsekvensar for økonomiplanrammene vert nærare kommenterte i punkta under.

### 3.1 Pressemelding i samband med framlegging av rekneskapa for 2013

#### «God budsjett disiplin gjev overskot for fylkeskommunen

Fylkesrådmannen har lagt fram fylkeskommunen sin rekneskap for 2013. God budsjett disiplin – kombinert med god utteljing på nokre sentrale inntektskjelder – har gitt eit positivt resultat og eit overskot på 45,5 mill. kroner.

Overskotet på 45,5 mill. kroner kjem frå innsparingar på fellesinntekter og -utgifter på om lag 16 mill. kr og ei rekke mindre innsparingar på ulike driftspostar på sektornivå.

#### Fellesinntekter og -utgifter

Fellesinntekter og -utgifter er i stor grad er «ikkje styrbare» budsjettpostar – såkalla anslagsløyvingar. Dette betyr at sluttresultatet på postane er avhengig av faktorar som ligg utanfor fylkeskommunal kontroll.

Skatt og rammetilskot er hovudinntektskjelda til fylkeskommunen og utgjorde i 2013 2,2 mrd. kr. Vi har ei meirinntekt på denne posten på om lag 5 mill. kr. Det skuldast at fylkesskatten på nasjonalt nivå vart betre enn rekna med i revidert nasjonalbudsjett.

Vi konstaterer vidare at sal av konsesjonskraft kjem ut med 5 mill. kr meir enn revidert budsjett for 2013. Dette skuldast i all hovudsak at kostnadane ved innmating av konsesjonskrafta vart i snitt 1 øre/kwh lægre enn føresett.

Netto kapitalkostnader viser ei innsparing på om lag 2 mill. kr. og skuldast reduserte renteutgifter og betre avkastning enn budsjettet. I tillegg viser rekneskapa ei samla innsparing på om lag 4 mill. kr i samband med avsettingane til pensjon og lønsoppgjær.

## Sektorane

Når det gjeld tenesteytinga i eigen regi, har det offentlege som prinsipp at vi skal ha budsjettdekning for dei tenestene vi yter. Med sterkt søkjelys på budsjett disiplin vert det difor ein konsekvens at ikkje alle budsjettpostar vert fullt ut nytta; ein styrer så nær opp til 100 prosent som råd er. Dette vil gje mindre innsparingar på ein god del styrbare postar. Dette er ein av hovudforklaringane til at vi kjem ut med ei netto innsparing på 29,4 mill. kr på sektornivå i 2013.

Sektornivået i fylkeskommunen har samla brutto utgifter på vel 2,2 mrd. kr. Sett under eitt er det såleis ei budsjettgjennomføring på nær 99 prosent.

Samferdslesektoren hadde eit samla netto mindreforbruk i 2013 på om lag 9,5 mill. kr. Innsparingane kjem i hovudsak på kollektivsida. Fylkesveg har resultatoverføring og får såleis med seg ubrukne midlar over til 2014.

Samferdslesektoren er i ferd med å legge om til eit regime med store anbuds kontraktar både på buss og båt og med eit fylkeskommunalt ansvar for passasjerinntekter direkte inn i eigen rekneskap. 2013 er første året der dette slår inn med full tyngde. God kontraktoppfølging og manglande erfaringsgrunnlag for fastsetting av inntektsnivået kan forklare mykje av innsparingane i 2013. Der det er grunnlag for å justere tala, vert det gjort løpande. Deler av dette er det alt teke omsyn til i budsjettet for 2014.

Opplæringssektoren hadde i 2013 eit samla netto mindreforbruk på om lag 8,5 mill. kr. Dei største postane med mindreforbruk er ufordelte midlar til drift av dei vidaregåande skulane, organisasjon og personalutvikling, omstillingsmidlar for pedagogisk personale og gratis læremiddel/PC-ordning. Dei vidaregåande skulane brukte om lag 4 mill. kr meir enn budsjettløyvinga i 2013. Dette vart dekkja inn ved bruk av oppsparte midlar gjennom resultatoverføringsordninga. Det var også eit meirforbruk knytt til tilskot til lærebedrifter med om lag 3,0 mill. kr.

I opplæringssektoren har året 2013 vore prega av arbeidet med skulebruksplanen. Den skal sikre forsvarleg ressursutnytting i åra som kjem. Noko mindre merksemd har difor vore nytta til aktiv gjennomføring av tiltak som låg på sida av denne prosessen og dette kan vere grunnen til at nokre postar viser mindreforbruk.

Forvaltningssektoren står for om lag 9,3 mill. kr av denne innsparinga. Dei største postane her er eit mindreforbruk på hovudutvala til disposisjon på 2,0 mill. kr, meirinntekter/mindreforbruk på tenesteeiningane på 3,2 mill. kr, eit mindreforbruk på drift av avdelingar og stab på 2,4 mill. kr, eit mindreforbruk på bedriftshelsetenesta på 1,0 mill. kr og administrasjonsbygningar på 1,5 mill. kr. Det er også registrert eit meirforbruk på drift av hovudutvala på 0,8 mill. kr. Av den samla innsparinga på forvaltning kan i omlag 3 mill. kr knytast til løn og drift av sentraladministrasjonen.

Dei andre sektorane har mindre avvik som i sum utgjer 2,2 mill. kr i netto innsparingar. Kultursektoren har eit mindreforbruk på 0,8 mill. kr, plan og næring på 1,4 mill. kr, medan tannhelsetenesta har resultatføringsordning og får med resultatet sitt over til 2014.»

## 3.2 Rammevurderingar i lys av rekneskapsresultatet

### Opplæring

I HO-sak 3/14 vert forventa mindreforbruk på løyvinga til gratis læremiddel i 2014 tilrådd overført til finansiering av utvikling (kjøp) av nytt skuleadministrativt system (SAS).

Rekneskapan for 2013 syner eit meirforbruk på tilskot til lærebedrifter i høve vedteke budsjett på om lag 6,5 mill. kr. Kostnadene knytt til auke i tal tilskotsmånader, ut over det som var føreset i budsjettet, utgjer i overkant av 5,5 mill. kr. Dette som følgje av auke i tal inngåtte lærekontraktar



og at lærekontraktane vert teikna tidlegare på året enn før. I tillegg er tilskotssatsane for 2013 auka ut over det som er kompensert i budsjettet. I 2013 vart 3,5 mill. kr av meirforbruket på tilskot til lærebedrifter dekkja inn av mindreforbruk på ekstramidlane til fagopplæring slik at netto meirforbruk i 2013 vart 3,0 mill. kr.

Tilskot til lærebedrifter har i 2014 eit budsjett på om lag 56 mill. kr. Budsjettet vart i økonomiplan 2012-2015 nedjustert med 0,6 mill. kr årleg frå hausten 2013 aukande til 0,8 mill. kr årleg frå hausten 2014. Dette som konsekvens av forventa reduksjon i elevtalet. Budsjettet er deretter prisjustert med 1,1 mill. kr og styrka med 2,7 mill. kr tilsvarande den statlege styrkinga til lærlingtilskot, som var innarbeidd i rammetilskotet for 2014. Budsjettet for 2014 er ut over dette basert på ei vidareføring av aktivitetsnivået som låg inne i budsjettet for 2012.

Prognosen for 2014 syner eit meirforbruk i høve budsjettet på om lag 14,5 mill. kr. Meirforbruket knytt til auken i tal ubudsjetterte tilskotsmånader utgjer i underkant av 10,5 mill. kr. I tillegg er tilskotssatsane for 2014 auka ut over det som er kompensert i budsjettet.

Budsjettet for tilskot til lærebedrifter er ei anslagsløyving. For nærare omtale av grunnlaget for prognosen vert det vist til vedlegg 2.

Som ein del av saka om opplæringstilbodet for skuleåret 2014-2015 vedtok HO i sak 8/14 at ufordelte midlar til drift av dei vidaregåande skulane, tilsvarande kostnaden ved tre grupper, frå 2014 vert overført til delfinansiering av forventa meirforbruk på tilskot til lærebedrifter. Frå 2015 utgjer dette 4,2 mill. kr

Fylkesrådmannen ser det også som naturleg å sjå meirforbruket i samanheng med dei statlege ekstramidlane fylket får til stimulering av formidlinga og auka gjennomføring innan fagopplæringa.

Det må det arbeidast vidare med å kvalitetssikre prognosane og finne løysing på dei økonomiske utfordringane i planperioden. Fylkesrådmannen kjem attende til budsjettutfordringa i 2014 som ein del av tertialrapport 1/14.

Fylkesrådmannen vil tilrå at førebels prognostisert ubalanse på 14,5 mill. kr årleg i åra 2015-18, korrigert for heilårsverknaden av dei omdisponerte midlane i HO-sak 8/14, vert innarbeidd i det økonomiske opplegget. Hovudutvalet for opplæring bør i det vidare budsjettarbeidet utfordrast på å finne dekning for størst mogleg del av den avdekka ubalansen innafor eiga ramme, i tillegg bør det kartleggast om utfordringa knytt til auken i fagopplæringskostnadane er eit isolert problem for Sogn og Fjordane, eller om dette er ein trend på landsbasis.

Rekneskapsresultatet for 2013 gir ut over dette ikkje grunnlag for å tilrå endringar i dei økonomiske rammene for økonomiplan 2015-2018.

For samferdslesektoren er størstedelen av innsparingane på kollektivsida innarbeidd i budsjetttrammene i økonomiplanperioden. Mindreforbruket på drift og vedlikehald er ein del av resultatoverføringa og midlane vert nytta i 2014. Mindreforbruket i 2013 medfører såleis ingen endring av budsjetttrammene.

Utgiftene til forvaltning vart vel 9 mill. kr mindre i 2013 enn budsjettert, som følgje av innsparingar på fleire enkeltpostar. Mindreforbruket på løyvinga «hovudutvala til disposisjon» i 2013 vert sett i samanheng med redusert løyving frå 2014.

Innsparinga på bygg- og bilforsikring er innarbeidd i budsjetttrammene i økonomiplanperioden. Mindreforbruket i 2013 medfører såleis ingen endring av budsjetttrammene.

Mindreforbruk på bedriftshelsetenesta og administrative bygningar er ikkje varige innsparingar. Dette gir såleis ikkje grunnlag for å endre rammene i økonomiplanperioden.

Noko av innsparinga knytt til løn og drift av sentraladministrasjonen i 2013 er av eingongskarakter. Fylkesrådmannen har nyleg avslutta arbeidet med å møte fylkestinget (des-13) sitt innsparingskrav stigande til 7 mill.kr. Fylkesutvalet vert særskilt informert om dette i sitt møte 2.04.14.

Tannhelsehelsetenesta har resultatoverføring og mindreforbruket på 7 mill. kr i 2013 kan nyttast ved behov i 2014. Vakansar og god budsjett disiplin er årsakene til mindreforbruket. For å kunne oppnå lovkravet om eit godt tilgjengeleg tannhelsetilbod, er det naudsynt med noko høgare bemanning enn i 2013. Noko av mindreforbruket er planlagt nytta til investeringar i nytt utstyr på klinikkane.

For sektorane plan og næring og kultur er det berre mindre innsparingar i høve rekneskapsresultatet for 2013. Desse innsparingane gjev ikkje grunnlag for endring i budsjetttrammene.

### Tilråding

Ramma til opplæring vert førebels styrka med 10,3 mill. kr årleg i åra 2015-18.

Hovudutvalet for opplæring får i oppgåve å:

- \* kvalitetssikre prognosane
- \* finne dekning for størst mogleg del av den avdekkta ubalansen innafør eiga ramme
- \* kartlegge om utfordringa knytt til auken i fagopplæringskostnader er eit isolert problem for Sogn og Fjordane, eller om dette er ein trend på landsbasis.

### **3.3 «Rydding» i tidlegare avsettingar til fond**

Fylkeskommunen har per 31.12.13 fondsavsettingar klassifisert som både disposisjonsfond og bundne fond. I kategorien disposisjonsfond er bufferfondet inkl. aktivitetsfond på høvesvis drift og investering dei 3 største fonda. Fond knytt til resultatoverføringsordningane for tannhelsesektoren, dei vidaregåande skulane og fylkesveg kjem også inn under denne kategorien. I kategorien bundne fond er dei største fonda knytt til avsette KMD-midlar, INU-midlar og spelemidlar.

Fylkesrådmannen har no sett i gang eit arbeid med å gå gjennom saldoane per 31.12.13 på dei ulike fonda. I tillegg vert det gjort ei vurdering av om fonda har rett klassifisering som disposisjonsfond eller bundne fond i rekneskapen.

Føremålet med gjennomgangen er å få naudsynt oversikt over kva for bindingar fylkeskommunen framleis har på tidlegare avsette midlar. Vidare vil gjennomgangen gje oss ein status/plan på forventta bruk av fondsmidlane. Når oversikta er på plass vil vi kunne vurdere om det er nokon «frie» midlar til disposisjon på fondsavsettingane i balansen. Eventuelle «frie» midlar vil kunne nyttast til:

- andre tiltak/føremål
- redusere ei eventuell salderingsutfordring i budsjett/økonomiplan
- overføring til bufferfondet.

Gjennomgangen er tidkrevjande og alle sektorar er involvert. På noverande tidspunkt er ikkje rekneskapen for 2013 endeleg godkjent, slik at bruk/avsetting av fond i 2013 kan bli endra. Fylkesrådmannen har ikkje slutført dette arbeidet, men nokre døme på fond/beløp som førebels vert vurdert som «frie» er:

- 0,4 mill. kr - avsette midlar til oppreisningsordninga for barnevernsbarn,
- 7,3 mill. kr - overskot på fylkesvegar – uføresette hendingar, jf. retningslinene for fondet,
- 3,8 mill. kr - diverse investeringsløyvingar – fylkesvegar,
- 0,1 mill. kr - premie for beste nynorsk-kommune i 2012,
- 0,1 mill. kr - tuberkulosefond
- 3,0 mill. kr - kapitalfondet.

Fylkesrådmannen kjem attende til dette i arbeidet i samband med at finansutvalet skal vurdere bruk av eventuell overskotskapital på bufferfondet.

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om gjennomgangen av tidlegare avsettingar til fond til vitande

## **4 ANDRE SAKER**

I dette punktet gjer fylkesrådmannen greie for nokre saker som kan kome til å få innverknad på budsjettarbeidet seinare i prosessen. Det er lagt opp til at desse sakene førebels kan takast til orientering.

### **4.1 Utbetring av fv. 55 Høyangertunnelen – vedtak i HS-sak 2/14**

I FT-sak 65/12 «ekstraordinært tunnelvedlikehald 2013-2014» vart det løyvd 35 mill. kr til naudsynte tiltak i Høyangertunnelen. I saksframstillinga står følgjande: «*Naudsynt tiltak for å unngå stenging av tunnelen er kostnadsrekna til 35 mill. kr utan kostnad med nytt permanent lys og vifter. Totalkostnaden for vidare arbeid utover dette vil vera avhengig av ambisjonsnivået vi legg opp til og framtidige tryggleikskrav. Dette kjem fylkesrådmannen attende til våren 2013.*»

Statens vegvesen har no utarbeidd ei oppdatert kostnadskalkyle for naudsynt rehabilitering av fv. 55 Høyangertunnelen. Hovudutval for samferdsle handsama i møte den 22. januar 2014 sak om utbetring av Høyangertunnelen. Følgjande vedtak vart gjort:

- «1. Høyangertunnelen skal utbetrast innanfor ei kostnadsramme på 200 mill. kr.
2. Kostnadane skal dekkast innanfor rammene til vedlikehald av fylkesvegnettet i 2014 - 2016.
3. Det vert utgreidd kva installering av naudnett vil koste. Når denne utgreiinga av kostnad er gjennomført vil det vurderast om dette skal takast inn i det pågåande prosjektet med utbetring av Høyangertunnelen.»

Vedlikehald og rehabilitering av fylkesveggtunnelar er eit prioritert område i Regional transportplan 2014 -23. Utbetring av Høyangertunnelen er såleis i samsvar med intensjonane i regional transportplan.

I fylkesvegbudsjettet for 2014 er det sett av 100 mill. kr til tunnelvedlikehald. Av desse midlane er det sett av 50 mill. kr til Høyangertunnelen. Restbehovet, 150 mill. kr, er føresett finansiert innanfor rammene til vedlikehald for 2015 og 2016. Den høge kostnadsramma for Høyangertunnelen vil medføre redusert nivå på vedlikehaldet på andre delar av fylkesvegnettet i 2015 og 2016.

#### Tilråding:

Finansutvalet tek orientering om utbetring av Høyangertunnelen til vitande.

### **4.2 Dalsfjordsambandet – sluttoppgjer og rettslege krav frå NCC**

Fjordane tingrett avsa dom i saka mellom NCC og fylkeskommunen den 31.juli 2013. Både NCC og fylkeskommunen har anka delar av dommen innanfor ankefristen den 15. september 2013. Anken er ikkje ferdig handsama av lagmannsretten.

NCC leverte i desember 2013 sluttoppgjer på kontrakten. Fristen for tilsvar var 10. mars 2014. Omtvista krav i sluttoppgjeret og omtvista forhold anka inn for lagmannsretten er i storleiksorden 200 mill. kr.

#### Tilråding:

Finansutvalet tek orienteringa om sluttoppgjer og rettslege krav NCC til vitande.

### **4.3 Utlysning av fylkesvegferjesamband i Sogn og Fjordane**

Drift av fylkesvegferjesambanda Isane-Stårheim, Måløy-Oldeide-Husevågøy, Askvoll-Gjervik-Fure-Værlandet, Rysjedalsvika-Rutledal-Krakhella-Losna er no lyst ut på anbod. Tilbodsopning er sett til 27. mai. Sambandet Daløy-Haldorsneset skal lysast ut om kort tid.

Dei nye ferjeanboda skal fasast inn i 2016, 2017 og 2018. I økonomiplanen er det teke høgde for ein viss kostnadsauke i samband med nye anbod. Fylkesrådmannen vil hausten 2014 kome tilbake med ei vurdering av behovet for eventuelle justeringar i budsjett/økonomiplan som følgje av resultatet av anbodskonkurransen.

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om utlysning av fylkesvegferjesamband til vitande.

### **4.4 Kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift i Førde, Flora og Sogndal**

Regjeringa har sendt eit nytt framlegg om ordninga med differensiert arbeidsgjevaravgift til ESA. Dersom dette vert godkjent, er det er det føresett at den nye ordninga skal tre i kraft 1. juli 2014. Framlegget legg opp til å vidareføre ordninga for alle kommunane i dagens verkeområde, samt utvide verkeområdet med 31 nye kommunar. Nedslagsfeltet i Sogn og Fjordane er ikkje tilrådd endra. Samtidig med dette inneheld nyordninga fleire bransjeunnatak enn tidlegare. Om ESA godkjenner framlegget vil Førde, Flora og Sogndal framleis vere utanfor ordninga.

Fylkeskommunen har fått tildelt 43 mill. kr i kompensasjonsmidlar for desse kommunane 2014. Kompensasjonsmidlane utfyller fylkeskommunen sine eigne midlar, m.a. innan reiseliv og fornybar energi. Og Innovasjon Norge har dei siste åra fått ein aukande del av kompensasjonsmidlane. Kompensasjonsordninga er såleis svært viktig for vår aktivitet innan regionalt utviklingsarbeid.

Vi reknar med at eventuelle endringar i denne kompensasjonsordninga vert gjort kjent i samband med revidert nasjonalbudsjett/kommuneproposisjonen i mai 2014.

#### Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om kompensasjonsmidlar for høg arbeidsgjevaravgift til vitande.

### **4.5 Rutilutvinning i Engebøfjellet i Naustdal**

Dersom det går mot ei realisering av gruvedrift i Engebøfjella, har fylkeskommunen forplikta seg til å yte 55 mill. kr til tilkomstveg. Dette vil medføre auka kapitalutgifter på 3,2 mill. kr årleg som det ikkje er teke høgde for i budsjettoplegget.

Fylkeskommunen må også vere budd på å gå inn med inntil 15 mill. kr til inkubatoraktivitet i tråd med tidlegare vedtak (søknadsbasert ordning). Og som det framgår av budsjettdokumentet for 2014 må det gjerast ei ny vurdering av desse forpliktingane i fall ei realisering dreg ut i tid.

## Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om dei økonomiske forpliktingane i høve ei eventuell rutilutvinning i Engebøfjellet i Naustdal til vitande.

### 4.6 Avkorting av MVA-kompensasjon 4.termin 2013 – Klage på vedtak

FU fekk i møtet 29.01.14 orientering om at Skatt Vest hadde avkorta fylkeskommunen sin MVA-kompensasjon for 4. termin 2013 med 14,9 mill. kr. Avkortinga var grunngjeven med heimel i foreldingsparagrafen i MVA-kompensasjonslova.

Avkortingane er knytt til at Statens Vegvesen har rapportert nokre faktura for seint til oss og at dei har feilhandsama ei mva-oppgåve - med det som følgje at kompensasjonskravet var forelda ved oversending til Skatt Vest.

Fylkesrådmannen har i brev til Skatt Vest, dagsett 27.02.14, bedt om ei ny vurdering av vedtaket. Brevet følgjer som [vedlegg 3](#). Hovudgrunngjevinga for at vi ber om ei ny vurdering ligg i sams vegadministrasjon og arbeidsfordelinga mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen. Det er uråd for fylkeskommunen å få kjennskap til kompensasjonsgrunnlaget før Statens vegvesen tek dei med i sine rapportar til oss. Som fylkeskommune kan vi berre innrapportere det staten v/vegvesenet overleverar oss. Det er såleis høgst urimeleg at fylkeskommunen skal verte økonomisk skadelidande grunna tilhøve som ligg utanfor vår kontroll.

Ut frå dette hevdar vi at Skatt Vest bør rekne foreldingsfristen frå fylkeskommunen fekk kjennskap til kompensasjonsgrunnlaget.

Om Skatt Vest gjev avslag på klagen, bør fylkeskommunen vurdere om ein eventuelt skal be Statens Vegvesen kompensere tapet.

Problemstillinga vart presentert for stortingsbenken 31.01.14, med sikte på å få gjort noko med det sentrale regelverket i høve forelding av kompensasjonskrava.

Slik saka førebels står, må fylkeskommunen vere budd på å dekke inn avkortinga på 14,9 mill. kr. Beløpet er førebels saldert mot investeringsrekneskapen i 2013. Finansiering av beløpet må takast stilling til i tertialrapport 1/14.

## Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om avkorting av mva-kompensasjonen for 4. termin 2013 til vitande.

### 4.7 Innspel frå råd og utval

I tråd med tidlegare praksis har fylkesrådmannen i brev, dagsett 11.03.14, invitert Ungdomspolitisk utval, Hovudsamarbeidsutvalet, Fylkesrådet for funksjonshemma og Fylkesrådet for eldre til å kome med innspel til budsjettarbeidet. Brevet følgjer som [vedlegg 4](#).

Utvala er spesielt utfordra på å kome med innspel på kva profil dei meiner bør leggst på komande budsjett/økonomiplan. Innkomne innspel vert lagt fram for finansutvalet fortløpande.

## Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

## 5 PRIORITERINGSSAKENE TIL HOVUDUTVALA

I arbeidsdokument 1/14 fekk hovudutvala i oppgåve å fremje ei innbyrdes prioritering mellom dagens aktivitetar på eigen sektor. Hovudutvala står i utgangspunktet fritt til å fastsette prosess og angrepsvinkel. Kravet er at det skal munne ut i ei klår prioriteringsrekkefølge på område/aktivitetar innafor sektoren.

Administrasjonen har no starta arbeidet med hovudutvalssakene. Vi erkjenner at det er utfordrande å prioritere mellom tenester/ytingar som tilhøyrer ulike område og som alle framstår som viktige.

Fylkesrådmannen ser det som lite tenleg å gjere prioriteringar «ned til siste krone», då det i enkelte sektorar vil vere umogleg å ta bort deler av tenestene utan å kome i konflikt med lovverket, eller oppretthalde tenestetilbod i det heile. Med grunnlag i dette har vi skissert ein metode som alle fylkesdirektørane er samde om å nytte i arbeidet med hovudutvalssakene.

Det vert no lagt opp til følgjande:

- Tenestene på den enkelte sektor vert sortert i ulike «pakkar» bygd på innbyrdes samanhengande tenester. Nokre sektorar vil få fleire slike «pakkar», medan det for andre kan vere mest naturleg å sjå alle tenestene i samheng – i ei «pakke».
- Kvar av desse «pakkane» skal så brytast ned i aktivitetar/tenester ved å definere:
  1. Eit kjernenivå som representerer minimumsnivået på tenester som må ytast for å ikkje bryte lova/alternativt for at det skal kunne forsvarast å oppretthalde ei teneste.
  2. Framhald av dagens tenestenivå: Tenester/ytingar som går ut over kjernenivået på tenesta og opp til dagens tenestenivå i prioritert rekkefølge.

I tabellen under er det teke inn ei eksemplifisering av korleis metoden kan operasjonaliserast:

1. Kjernenivå –teneste	Mill kr	Konsekvensar
Det det kostar å yte eit minimum av tenester i fylkeskommunen: Krav til oppfylling av opplæringslova, Lov om tannhelsetenester, andre aktuelle lover som gjev fylkeskommunen ei plikt til å yte ei teneste etc. Eks.: (1) Ein kan drive eit forsvarleg tenestetilbod innan vidaregåande opplæring med færre skular enn i dag, (2) Ein kan yte eit forsvarleg tilbod innan tannhelsetenesta med færre klinikkar enn i dag, (3) Skuleskyssen er lovpålagd – dimensjonerer eit grunntilbod	Anslag	Kva inneber det å drive tenesta på dette nivået – fokus på kvalitet/ konsekvensar. Dette nivået kan ikkje setjast opp mot andre tenester utan å bryte lova.
For ein del område(kollektivområdet, næring, plan og samfunn; kultur) er det vanskeleg å finne eit lovkrav som definerer eit minstenivå. Då skal det gjevast ei vurdering av eit minimums tenestenivå som fylkeskommunen må yte for i det heile å gje eit tilbod. Eks.: Kollektivområdet – tillegg til skuleskyssen kan vere lokale ruter og regionale ruter, Kva er minstenivået på næringssetting, kulturområdet?		Kva inneber det å drive tenesta på dette nivået – fokus på kvalitet/ konsekvensar. Pga ikkje lovpålagt område kan dette settast opp mot å avvike tenesta/tilbodet.
2. Framhald av dagens tenestenivå		
Her skal ein ta inn tenester/ytingar som går ut over kjernenivået på tenesta opp til dagens tenestenivå i prioritert rekkefølge. Eks.: Kollektiv: Ungdomskort, parallelle rutetilbod; VGO: toppidrettstilbod, miljøarbeidarar, næringslivskontaktar; Tannhelse: kompetansesenter		Eksplisitt vise auka kvalitet av tilbodet ved utviding i høve kjernenivået.

Fylkesrådmannen legg vekt på at det ikkje skal gjerast omfattande utgreiingar i denne omgang. Arbeidet bør avgrensast til å gje anslag på kva enkelte «tilleggsfunksjonar» kostar og kva meirverdi dei tilfører. Neste trinn vil vere at finansutvalet i juni vel ut område der dei ynskjer nærare utgreiing. Dette kan vere som følgje av nye rammeføresetnader, eller at finansutvalet ev. ynskjer å vurdere omdisponeringar mellom sektorane.

### Tilråding

Finansutvalet stiller seg positive til skissert metode for utarbeiding av prioriteringssakene til hovudutvala i juni.

## 6 SALDERING

Tilrådingane i dette arbeidsdokumentet har påverka salderinga slik:

	2015	2016	2017	2018
<b>Utg.pkt: Balansert økonomiplan</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>
<b>Vurdering i a.dok 1: ingen økonomisk vurdering</b>				
<b>Vurdering i a.dok 2:</b>				
Reversert sluttsaldering av øk.plan 2014-2017	2,2	9,8	0,3	
Rullering av økonomiplan - ubalanse i 2018				-25,8
Redusert prognose for konsesjonskraftinntekter	8,3	3,4	12,2	13,5
Redusert avsetning til bufferfond	-8,3	-3,4	-12,2	-13,5
Justering av avsetning til bufferfond - 80 mill. kr til drift	10,0	10,0	10,0	10,0
FU-sak 14/14 - redusert nivå på KMD-midler frå 2014	5,6	5,6	5,6	5,6
FU-sak 14/14 - redusert ramme på sektoren plan og næring	-5,6	-5,6	-5,6	-5,6
Auka ramme opplæring – auka fagopplæringskostnader	10,3	10,3	10,3	10,3
<b>Ubalanse etter a.dok 2</b>	<b>22,5</b>	<b>30,1</b>	<b>20,6</b>	<b>- 5,5</b>

Salderinga viser eit førebels stort underskot. Hovudgrunnane til dette er den ytterlegare svikten i prognosane for lokale inntekter og den førebels store auken i fagopplæringskostnader. Situasjonen betrar seg noko når budsjetterte innsparingar som følgje av skulebruksplanen slår inn for fullt frå 2018.

Vi må også ha med oss dei økonomiske utfordringane som kan kome som følgje av orienteringssakene som ligg i punkt 4 i dette arbeidsdokumentet. Fylkesrådmannen vil her spesielt minne om den juridiske forpliktiga i høve rutilutvinning i Engebøfjella på minst 55 mill. kr som no er aktualisert som følgje av at regjeringa opnar for sjødeponi.

I lys av at nytt inntektssystem frå 2015 - i tillegg - høgst sannsynleg vil påføre oss større inntektssvikt enn budsjettert, er fylkesrådmannen uroa for den økonomiske situasjonen i planperioden.

Dei samla økonomiske framtidsutsiktene gjer det særskilt viktig å halde fokus på prioriteringsarbeidet som no vert gjort på sektornivå, slik at vi i størst mogleg grad kan sikre at vi nyttar avgrensa økonomiske rammer til dei høgst prioriterte aktivitetane.

## 7 VIDARE ARBEID

I tråd med arbeidsplanen vil finansutvalet i neste møte ha fokus på konsekvensane av kommuneproposisjonen som vert lagt fram 14. mai 2014, samt hovudutvala si rapportering på prioritering av dagens aktivitet.

I tillegg må finansutvalet fastsette førebelse sektorrammer som skal danne grunnlag for detaljert utarbeiding av sektorbudsjetta.

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Eli Nes Killingrød  
økonomisjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

### Vedlegg:

1. FU-sak 8/14 Innspel til arbeidet med nytt inntektssystem (Vedtak og saksutgreiing)
2. Notat frå fylkesdirektøren for opplæring til fylkesrådmannen, dagsett 25.03.14, om prognosen for auka fagopplæringskostnader.
3. Brev til Skatt Vest, dagsett 27.02.14, - klage på vedtak om avkorting av mva-kompensasjon for 4. termin 2013.
4. Brev til Ungdomspolitisk utval, Hovudsamarbeidsutvalet, Fylkesrådet for funksjonshemma og Fylkesrådet for eldre, dagsett 11.03.14 – invitasjon til å kome med innspel til budsjettarbeidet.

### Kopi til:

Fylkestinget  
Fylkesrådmannen si leiargruppe  
Budsjettgruppa